



Møtebok Eldrerådet

Møtedato: 04.08.2020

Møtested: Kommunehuset - kantina

Møtetid: 18:25 - 20:25

Det er ope i kantina frå 17.30 - gå rett inn frå terrassen.

Frammøtte medlemmer	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Medlem
Ivar Bergsvik	Medlem
Solveig Hopen	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Idar Johan Hopland	Medlem
Reidar Øksnes	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Magnus Kvingedal	Varamedlem
Helge Dyrkolbotn	Varamedlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore

Gro Vigdis Johannessen
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Saksliste

Saksnr	Tittel
007/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
008/20	Godkjenning av møteprotokoll
009/20	Eldredagen 2020
010/20	Tilgang til internett på Nordliheimen
011/20	Deltaking på samlingar med fylkeskommunalt eldreråd
012/20	Fagdag om aldersvenleg samfunnsplanlegging

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Eldrerådet - 007/20

ER - behandling:

Leiar Gro Johannessen ba om at møtet 1. september vert avlyst, sidan ein no har diskutert eldredagen her 4. august. Ein kan eventuelt ta eit møte på telefon om det vert naudsynt.

Handsaming i rådet:

Samråystes vedtak om å godkjenna innkalling og sakliste.

ER - vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Eldrerådet - 16.06.2020

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Eldrerådet - 008/20

ER - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vert samråystes vedteke

Handsaming i rådet:

Samråystes vedtak om å godkjenna møteprotokoll frå forrige møte.

ER - vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Eldredagen 2020

Framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak vert fremja i møtet.

Ein skal annonsera arrangementet, og så vurdera ut frå Korona-situasjonen, og jamfør punkta over, mellom anna om minst 25 påmelde.

Annonse i Kyrkjebakken. Rekning til kommunen.

Annonseteksten vert slik:

ELDREDAGEN 2020

1. OKTOBER VIL ELDREDAGEN VERTA MARKERT

MED GUDSTENESTE I KYRKJA KL 15.00 OG

MIDDAG PÅ SENIORSENTERET KL 16.00.

PRIS KR 300 PR PERSON.

BINDANDE PÅMELDING TIL SERVICEKONTORET PÅ TLF 56162000

INNAN 24.SEPTEMBER

VEL MØTT!

Eldrerådet

Med etterhald om endring av smitteverntiltak, kan middagen verta flytta til Samfunnshuset.

Eldrerådet - 009/20

ER - behandling:

Leiar Gro Johannessen tok først opp om arrangementet burde bli avlyst dette året, på grunn av Korona/Covid-19.

Solveig Hopen ba om at ein først vurderer om det skal arrangerast i det heile, før ein planlegg.

Gro Johannessen viste til at ho hadde snakka med Rigmor Ludvigsen på Frivilligsentralen om dette, og at dei vurderer det slik at arrangementet kan planleggast med etterhald av nye smittevernreglar.

Helge Dyrkolbotn sa at det er vanskeleg å vita kva som vert reglane, men at det kan vera OK å planlegga med etterhald om avlysing.

Solveig Hopen støtta at det kan planleggast, men må sjå kor mange som er interesserte i å vera med. Ivar Bergsvik viste til at det er den mest utsette gruppa eldredagen er meint for, og det kan tala mot arrangementet.

Gro Johannessen sa at det er tilbakemeldingar frå fleire at dei har gledd seg. Kan også vera viktig for å få ut dei som har vore mykje inne under Korona.

Magnus Kvingedal spurte om kvar dette er arrangert dei siste åra, Gro Johannessen svara om kvar dette har vore, og til kva prisar.

Gro Johannessen orienterte om arbeidet som er gjort med planlegging. Har vore i dialog med Rigmor Ludvigsen og Monika Kvamme. Fått tilbakemelding om at ein kan låna Seniorsenteret utan kostnad, og Nordliheimen kan levera maten. Om ein tar inngangspengar, er det 300 kroner som har vore summen tidlegare.

Kapasiteten på Nordliheimen er 40 personar. Men det er plass til fleire om ein leiger samfunnshuset, og det skal det vera rom for økonomisk om maten vert levert gratis. Per i dag er det lov å servera ved bordet, dette er viktig for å få det til effektivt.

Underhaldning er det Rigmor Ludvigsen og Kari Utkilen som ordnar og kostar, og organiserer også eldredagen elles, slik at det som fell på Eldrerådet er å ønskja velkommen og takka for maten.

Det er laga eit utkast til annonse i Kyrkjebakken, med leveringsfrist 14. august. Gro Johannessen tok i mot innspel direkte på annonseteksten, og på menyen for måltidet. Det vert svinesteik, og deretter is til kaffien.

Minste tal for deltakarar er sett til 25.

Gro/Rigmor har fullmakt til å flytta arrangementet til Samfunnshuset, dersom det er for mange påmeldte til å vera på Seniorsenteret.

Det er lagt opp til gudsteneste i kyrkja klokka 15.00 og middag klokka 16.00.

Servicekontoret tar i mot påmelding, her skal det vera både namn og telefonnummer til den enkelte, med tanke på at det skal vera mogleg å ta kontakt ved ei eventuell endring eller i etterkant for eventuell smittesporing.

Handsaming i rådet:

Samrøystes vedtak om å annonsera arrangementet, og så vurdera ut frå Korona-situasjonen, og jamfør punkta over, mellom anna om minst 25 påmelde.

Annonseteksten vart bearbeidd i møtet, Ivar Bergsvik sender denne over til Kyrkjebakken. Rekning til kommunen.

Annonseteksten vert slik:

ELDREDAGEN 2020

1. OKTOBER VIL ELDREDAGEN VERTA MARKERT

MED GUDSTENESTE I KYRKJA KL 15.00 OG

MIDDAG PÅ SENIORSENTERET KL 16.00.

PRIS KR 300 PR PERSON.

BINDANDE PÅMELDING TIL SERVICEKONTORET PÅ TLF 56162000

INNAN 24.SEPTEMBER

VEL MØTT!

Eldrerådet

Med etterhald om endring av smitteverntiltak, kan middagen verta flytta til Samfunnshuset.

ER - vedtak:

Ein skal annonsera arrangementet, og så vurdera ut frå Korona-situasjonen, og jamfør punkta over,

mellanom anna om minst 25 påmeldde.
Annonse i Kyrkjebakken. Rekning til kommunen.

Annonseteksten vert slik:

ELDREDAGEN 2020

1. OKTOBER VIL ELDREDAGEN VERTA MARKERT
MED GUDSTENESTE I KYRKJA KL 15.00 OG
MIDDAG PÅ SENIORSENTERET KL 16.00.
PRIS KR 300 PR PERSON.

BINDANDE PÅMELDING TIL SERVICEKONTORET PÅ TLF 56162000
INNAN 24.SEPTEMBER

VEL MØTT!

Eldrerådet

Med etterhald om endring av smitteverntiltak, kan middagen
verta flytta til Samfunnshuset.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Leiar i Eldrerådet, Gro Johannessen, har jobba med planlegging av Eldredagen 2020.

Noko av det som bør diskuterast/avklarast:

- Kvar skal det arrangerast (Seniorsenteret / Samfunnshuset)
 - Skal det setjast nedre grense for påmelding med tanke på avvikling
 - Skal det setjast ei øvre grense for påmelding
 - Skal ein ta etterhald med tanke på Korona-situasjonen
- Med meir.

Konklusjon

Framlegg til vedtak vert fremja i møtet.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Tilgang til internett på Nordliheimen

Vedlegg:

[Innspel om tilgang til internett på Nordliheimen](#)

Framlegg til vedtak:

Vedtak vert fremja i møtet.

Eldrerådet viser til innspel om internettkapasiteten på Nordliheimen, og ber om at det vert lagt til rette for at alle beboarar og gjester har god tilgang til nett, i heile bygget. Tilgangen må vera utan passord og stabil. Dette er for å sikra universell tilkomst. Eldrerådet ber om tilbakemelding om kva som er gjort med saka, til møtet i rådet 6. oktober.

Vedtaket vert sendt over som melding til formannskapet.

Eldrerådet - 010/20

ER - behandling:

Gro Johannessen orienterte om situasjonen, og viste til at god tilgang til internett er viktig for mange i dag, for å kunna få bilde frå familien, få ordna nettbank og liknande. Spør om det er best å senda dette innspelet vidare til Monika Kvamme for oppfølging.

Helge Dyrkolbotn sa at dette handlar om universell utforming, det kan ikkje vera tungvint å logga seg på. I framtida vil dette vera eit minstekrav, og beboarane vil også venta å kunna bruka nettet til å sjå kva dei vil på fjernsyn, utan avbrot. Når det er mogleg på eit hotell å ha eit ope nett, så må det vera mogleg på Nordliheimen også.

Helge la til at det må vera eit system som fungerer på heile huset.

Gro Johannessen ba om at det vart forfatta eit framlegg til vedtak for korleis dette skal løysast.

Samrøytes vedtak i rådet:

Eldrerådet viser til innspel om internettkapasiteten på Nordliheimen, og ber om at det vert lagt til rette for at alle beboarar og gjester har god tilgang til nett, i heile bygget. Tilgangen må vera utan passord og stabil. Dette er for å sikra universell tilkomst. Eldrerådet ber om tilbakemelding om kva som er gjort med saka, til møtet i rådet 6. oktober.

Vedtaket vert sendt over som melding til formannskapet.

ER - vedtak:

Eldrerådet viser til innspel om internettkapasiteten på Nordliheimen, og ber om at det vert lagt til rette for at alle beboarar og gjester har god tilgang til nett, i heile bygget. Tilgangen må vera utan passord og stabil. Dette er for å sikra universell tilkomst. Eldrerådet ber om tilbakemelding om kva som er gjort med saka, til møtet i rådet 6. oktober.

Vedtaket vert sendt over som melding til formannskapet.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Leiar i rådet har bedt om at Eldrerådet diskuterer innspelet om tilgang til Internett på Nordliheimen.

Konklusjon

Vedtak vert fremja i møtet.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Deltaking på samlingar med fylkeskommunalt eldreråd

Vedlegg:

Fylkessamling for dei kommunale råda i Vestland fylkeskommune

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet tar stilling til kven som skal delta på samlingane.

Planlegging av deltaking:

Fredag 4. september: Gro Johannessen og Solveig Hopen

Fredag 2. oktober: Gro Johannessen og Ivar Bergsvik

Møtesekretæren ordnar med møtelokale (Børilden), bestiller mat, og sjekkar med dei to faste medlemmene som ikkje var med på møtet (Idar Johan Hopland og Reidar Øksnes), om dei kan delta på ein eller begge dagane.

Eldrerådet oppfordrar til at administrativ leiing deltek på samlingane, slik det også er oppfordra til i innkallinga frå fylkeskommunen.

Vedtaket går som melding til formannskapet.

Eldrerådet - 011/20

ER - behandling:

Handsaming i rådet:

Samrøystes vedtak:

Planlegging av deltaking:

Fredag 4. september: Gro Johannessen og Solveig Hopen

Fredag 2. oktober: Gro Johannessen og Ivar Bergsvik

Møtesekretæren ordnar med møtelokale (Børilden), bestiller mat, og sjekkar med dei to faste medlemmene som ikkje var med på møtet (Idar Johan Hopland og Reidar Øksnes), om dei kan delta

på ein eller begge dagane.

Eldrerådet oppfordrar til at administrativ leiing deltek på samlingane, slik det også er oppfordra til i innkallinga frå fylkeskommunen.

Vedtaket går som melding til formannskapet.

ER - vedtak:

Planlegging av deltaking:

Fredag 4. september: Gro Johannessen og Solveig Hopen

Fredag 2. oktober: Gro Johannessen og Ivar Bergsvik

Møtesekretæren ordnar med møtelokale (Børilden), bestiller mat, og sjekkar med dei to faste medlemmene som ikkje var med på møtet (Idar Johan Hopland og Reidar Øksnes), om dei kan delta på ein eller begge dagane.

Eldrerådet oppfordrar til at administrativ leiing deltek på samlingane, slik det også er oppfordra til i innkallinga frå fylkeskommunen.

Vedtaket går som melding til formannskapet.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune, FFO-Vestland, RMNF-Vestland og Fylkeseldrerådet inviterer til to digitale samlingar og opplæringsdagar hausten 2020.

Invitasjon gjeld dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne, eldreråda (eventuelt fellesråda), sekretariat for råda og administrativ leiing.

Samlingane finn stad fredag 4. september og fredag 2. oktober, begge dagar 10:00 – 14:00.

Dette er digitale samlingar. Møtesekretæren legg til rette for oppkoppling i kantina, saman med RMNF i Austrheim.

Konklusjon

Eldrerådet tar stilling til kven som skal delta på samlingane.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Fagdag om aldersvenleg samfunnsplanlegging

Vedlegg:

Invitasjon til fagdag 29. september 2020

Framlegg til vedtak:

Vedtak vert fremja i møtet.

Deltaking frå eldrerådet:

Leiar Gro Johannessen er deltakar frå eldrerådet, med nestleiar Solveig Hopen som vara.

Eldrerådet - 012/20

ER - behandling:

Deltaking frå eldrerådet:

Leiar Gro Johannessen er deltakar frå eldrerådet, med nestleiar Solveig Hopen som vara.

ER - vedtak:

Deltaking frå eldrerådet:

Leiar Gro Johannessen er deltakar frå eldrerådet, med nestleiar Solveig Hopen som vara.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Fylkesmannen i Vestland arrangerer i haust fleire fagdagar om aldersvenleg samfunnsplanlegging. Austrheim kommune er invitert til samlinga som er på Scandic Flesland tysdag 29. september klokka 09.30 til 16.00.

Fylkesmannen skriv i invitasjonen at kvar kommune kan delta med inntil fire deltagarar, mellom anna på grunn av restriksjonane knytte til Korona, men ein kan også delta med fleire. Administrasjonen skal ha med nokre deltagarar, Eldrerådet innstiller på kven og kor mange dei vil ha med.

Konklusjon

Vedtak vert fremja i møtet.